

Kåringen

Ein bratt bakke fører ned til det vegkrysset der vesterålingane og lofotingane enten svingar ned til Lødingen sentrum for å ta ferja over Vestfjorden, eller eventuelt tar av til Harstad. Staden er litt for godt kjend blant bilistane - når dei skal motsett veg især. Bakken heiter Kåringen på norsk, på samisk **Goregak** eller **Gurega**.

Dette kunne minne om sørsam. guoredh v. «følge, følgje langs med». Men trass i vokalismen verkar det meir sannsynlig at det finst samanheng mellom namneforma Kåringen og lulesamisk *kår'ñot* = *goarññot* «klatre», på nordsamisk *goarbut*. Dagens riksveg går vel litt i sørkant av den avgåande ryggen som namnet eigentleg gjaldt, dvs. namnet har fått utvida innhald. Jambør eller Gornitak i Nesseby i Finnmark, etter lokal uttale rettare Gorbetak, forklart som «stad der ein kan stige eller kjøre opp».

Vi tenker lett om gamle ferdelshindringar - enten det er **Drøbak** (Drjúgbakki) eller det ikkje uvanlege **Hestsprenge** osv. - at "det var før det, og itte nå". Men framleis kan det hende at norsk lende trassar hestekreftene og tvingar bilføraren til å vere ikkje berre tolmødig, men òg til å tenke litt på korleis dei hadde det som følgte same reiseruta lenge før nokon veg fanst.



Vi tør oppfatte kartet slik at den opphavlege lokaliteten Kåringen som namn på ein naturleg stad å «klatre opp» ikkje var dagens RV sør ved Kåringvatnet, men stien opp frå den eigentlege Kåringen litt lenger nord (Statens Kartverk).